



Sunnfjord  
kommune

# Tenesteanalyse

Innsparings- og omstillingstiltak



# Innhold

<b>1</b>	<b>Kunnskapsgrunnlag.....</b>	<b>3</b>
1.1	Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget frå rekneskapsåret 2022.....	4
1.2	Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget frå rekneskapsåret 2023.....	5
<b>2</b>	<b>Nivå på innsparing og omstilling .....</b>	<b>6</b>
2.1	Nivå på innsparing.....	7
2.2	Nivå på omstilling .....	10
<b>3</b>	<b>Årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028 .....</b>	<b>12</b>
3.1	Fordeling av innsparing og omstillingstiltak.....	12
<b>4</b>	<b>Innsparings- og omstillingstiltak.....</b>	<b>13</b>
4.1	Arbeidsgruppe 1 .....	13
4.2	Arbeidsgruppe 2 .....	17
4.3	Arbeidsgruppe 3 .....	25
4.4	Vurdere organisering av Sunnfjord kommune .....	28
<b>5</b>	<b>Vidare prosess.....</b>	<b>29</b>
5.1	Prosess i 2024.....	29
5.2	Prosess i 2025.....	29
<b>6</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>30</b>
6.1	Innsparingspotensiale som følgje av kommunesamanslåinga.....	30
6.2	Tiltakskort med vurdering av innsparings- og omstillingstiltak .....	30

# 1 Kunnskapsgrunnlag

Kommunedirektøren presenterer i kunnskapsgrunnlaget ei analyse av KOSTRA og nøkkeltal innanfor alle tenesteområda i kommunen. Formålet er å vere eit oppslagsverk for både administrasjon og folkevalde. Det er eit omfattande dokument, men er ikkje meint å skulle lesast frå start til slutt.

KS har over mange år gjennom effektiviseringsnettverk gjennomført tenesteanalyse innanfor mange tenesteområde, men metodikken er bygd opp for å gå i djupna på kvart tenesteområde.

*«Gjennom tjenesteanalysen dokumenteres og vurderes kommunens ressursinnsats, dekningsgrader, produktivitet, brukernes opplevde kvalitet, samt sykefravær og kompetanse hos tjenestens medarbeidere. Dokumentasjonen bygger på Kostra-data, samt bruker- og ev medarbeiderundersøkelser som kommunen gjennomfører som en del av deltakelsen i KS Effektiviseringsnettverk.»*

Sunnfjord kommune har lagt same metodikk til grunn for ei samla tenesteanalyse for alle tenesteområda i kommunen, men på eit meir overordna nivå.

## Presentasjon av faktagrunnlag i kommunestyre 15. februar 2024

Samanlikningsgrunnlag:

- KOSTRA-gruppe 9: Alle kommunar med folketal mellom 20.000 – 29.999
- Landet utanom Oslo: Alle kommunar utanom Oslo (som er både kommune og fylkeskommune)
- Samanliknbare kommunar:
  - Sunnfjord (Innbyggjarar 4 22147, areal 2208)
  - Steinkjer (Innbyggjarar 24004, areal 2122)
  - Voss (Innbyggjarar 16021, areal 2042)
  - Sogndal (Innbyggjarar 12145, areal 1258)
  - Kinn (innbyggjarar 17177, areal 812)

## 1.1 Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget frå rekneskapsåret 2022

Kunnskapsgrunnlaget i tenesteanalyse bygger på data frå rekneskapsåret 2022:

- Status finans
  - Sunnfjord kommune har betra både netto driftsresultat og netto lånegjeld samanlikna med andre i 2022. Disposisjonsfondet er lågt samanlikna med andre.
  
- Kostnadsnivå
  - Utviklinga i kostnadsnivået i Sunnfjord kommune ligg i sum 102,6 til 116 mill. kroner høgare enn i KOSTRA-gruppe 9. Det er særleg tenesteområda barnehage, samferdsle og grunnskule som har eit høgare kostnadsnivå.
  - Dei tenesteområda som utmerkar seg med innsparingspotensiale samanlikna mot både KOSTRA-gruppa, landet utan Oslo og enkeltkommunar:
    - Barnehage med eit innsparingspotensiale i størrelse 29 - 43 mill. kroner
    - Samferdsle har eit innsparingspotensiale på 15 - 22,6 mill. kroner samanlikna mot Steinkjer, Sogndal og KOSTRA-gruppa.
    - Næringsforvaltning og konsesjonskraft med eit innsparingspotensiale i størrelse 4 - 86 mill. kroner
    - Landbruk med eit innsparingspotensiale i størrelse 0,4 – 4,7 mill. kroner
    - Kyrkje med eit innsparingspotensiale i størrelse 2,4 -4,6 mill. kroner.
  
- Kvalitet
  - Kommunebarometer for 2023 (talgrunnlag 2022) viser at Sunnfjord kommune er blant dei 1/3 beste i landet innanfor alle tenesteområda. Kostnadsnivå og særleg økonomi har låg rangering saman med klima og natur.

## 1.2 Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget frå rekneskapsåret 2023

Det er ikkje utarbeidd oppdatert kunnskapsgrunnlag med data frå rekneskapsåret 2023. Overordna oppdatert status er summert opp nedanfor.

- Status finans
  - Netto driftsresultat er svakt, men Sunnfjord kommune kjem bra ut samanlikna med andre. Netto lånegjeld betrar seg marginalt samanlikna med andre. Disposisjonsfondet er framleis svakt, men har betra seg samanlikna med andre.
  
- Kostnadsnivå
  - Kostnadsnivået i Sunnfjord kommune ligg i sum 77,9 mill. kroner høgare enn i KOSTRA-gruppe 9. Det er særleg tenesteområda barnehage, samferdsle og grunnskule som har eit høgare kostnadsnivå.
  - Dei tenesteområda som utmerkar seg med innsparingspotensiale samanlikna mot både KOSTRA-gruppa, landet utan Oslo og enkeltkommunar:
    - Barnehage med eit innsparingspotensiale på 21 -28 mill. kroner
    - Grunnskule med eit innsparingspotensiale på 20-25 mill. kroner
    - Samferdsle har eit innsparingspotensiale på 14 -24 mill. kroner
    - Pleie og omsorg med eit potensiale på 2-7 mill. kroner
    - Brann og ulykkesvern med eit potensiale på 3-4 mill. kroner
    - Kommunehelse med eit potensiale på ca. 2 mill. kroner
    - Kyrkja med eit innsparingspotensiale på 2-4 mill. kroner.
  
- Kvalitet
  - Sunnfjord kommune er på 35. plass i kommunebarometer for 2024 (data frå 2023). Det er opp 28 plassar frå året før samanlikna med dei parameter som er brukt i årets kommunebarometer.
  - Grunnskule har best rangering med 4. plass!
  - Ingen tenester utanom økonomi hamnar blant den 1/3 med lågast rangering.

## 2 Nivå på innsparing og omstilling

Kommunestyret vedtok i møte 21.03.2024 sak 20/24:

1. *Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 mill. kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032.*
2. *Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har av effektiviseringspotensial.*
3. *Innsparingspotensial som følge av kommunesamanslåinga skal synleggjerast.*
4. *Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa realistisk innsparingspotensiale.*
5. *I det vidare arbeidet skal det gå fram kva innsparingar som vil kunne løysast gjennom reduserte kostnader som følge av nedgang i barnetal. 6.*
6. *Innsparingstiltak skal vurderast opp mot*
  - a. *forsvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.*
  - b. *overordna mål i samfunnsdelen av kommuneplanen*
  - c. *tidleg innsats og førebyggjande effekt*
7. *Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka.*
8. *Framlegg til tiltak skal utarbeidast med innbyggjarinvolvering og i tett dialog med tillitsvalde.*
9. *Kommunedirektøren skal ha tett dialog med formannskapet i prosessen med utarbeiding og prioritering av tiltak. Om det er hensiktsmessig skal det gjennomførast egne møte der dette er tema.*
10. *Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevald-periode.*

Punkt 3 er forsøkt svar ut i eige vedlegg med tittel Kommunesamanslåing.

## 2.1 Nivå på innsparing

Samla teoretisk innsparingspotensiale for Sunnfjord kommune samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 var 116 mill. kroner (rekneskap 2022) redusert til 78 mill. kroner (rekneskap 2023).

Ser vi berre på dei områda der vi driv dyrare så var innsparingspotensiale på 129,7 mill. kroner (rekneskapen 2022) redusert til 100,9 mill. kroner (rekneskapen 2023).

Dette kan least ut frå tabell nedanfor. Tabellen viser i tillegg teoretisk innsparingspotensiale for Sunnfjord kommune samanlikna med landet, Steinkjer, Voss, Sogndal og Kinn (positivt tal viser innsparingspotensiale, negativt tal viser teoretisk kor mykje meir kostnadseffektivt Sunnfjord driv):

Kostnadsnivå (1000 kr)	Rekneskap 2022						Rekneskap 2023					
	Kostragr 9	Landet	Steinkjer	Voss	Sogndal	Kinn	Kostragr 9	Landet	Steinkjer	Voss	Sogndal	Kinn
Grunnskule	19 200	14 200	4 600	- 49 900	- 10 500	- 18 500	25 300	20 600	- 900	- 24 100	4 500	- 14 100
Pleie og omsorg	9 100	8 800	70 100	46 200	- 135 700	- 6 200	1 800	7 100	72 400	41 500	- 132 600	8 700
Barnevern	10 300	10 800	- 18 200	- 12 200	29 400	- 6 800	4 900	3 300	- 31 400	- 17 800	32 500	- 16 800
Barnehage	42 700	41 300	28 900	38 500	42 200	13 000	28 400	25 400	12 000	21 000	25 900	- 8 600
Kommunehelse	- 1 100	200	2 700	- 2 100	- 13 700	5 100	2 100	2 000	- 300	- 3 700	- 6 900	2 000
Sosiale tenester	- 11 200	- 14 700	- 16 600	- 39 700	- 11 100	- 10 200	- 12 200	- 15 500	- 28 600	- 51 600	- 10 600	- 18 900
Kultur og idrett	1 100	- 5 800	- 7 400	- 7 900	8 600	1 900	4 500	- 2 400	- 37 000	- 17 400	7 700	5 700
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	4 800	1 600	3 800	- 400	- 1 800	1 500	2 400	- 1 100	3 100	- 1 700	- 11 900	- 2 000
Adm, styring og fellesutgifter	3 500	- 10 200	- 24 600	- 34 700	- 25 100	- 31 200	- 7 900	- 14 400	1 000	- 37 600	- 64 200	- 25 000
Brann og ulykkesvern	7 100	7 000	- 3 100	7 700	- 500	- 6 800	3 600	3 900	- 5 200	4 400	- 6 200	- 7 900
Kommunale bustadar	- 1 400	- 4 000	3 700	- 16 500	- 5 700	- 14 900	- 500	- 2 500	8 300	- 17 200	6 300	- 14 100
Samferdsel	23 000	22 000	15 000	- 10 600	14 400	4 500	24 000	22 200	21 900	- 4 800	14 100	700
Næringsforvalt. og konsesjonskraft	3 700	17 800	13 900	85 900	29 600	15 300	- 1 500	13 300	- 4 200	102 300	58 000	4 700
Landbruk	600	400	3 300	4 700	1 800	2 900	- 700	- 500	3 100	3 100	3 900	3 600
Kyrkje	4 600	3 300	2 500	2 400	3 500	4 600	3 900	2 700	3 800	1 900	3 500	4 000
<b>Sum netto innsparingspotensiale</b>	<b>116 000</b>	<b>92 900</b>	<b>78 500</b>	<b>11 200</b>	<b>- 74 800</b>	<b>- 45 700</b>	<b>78 000</b>	<b>64 100</b>	<b>18 100</b>	<b>- 1 600</b>	<b>- 76 000</b>	<b>- 78 100</b>
<b>Sum brutto innsparingspotensiale</b>	<b>129 700</b>	<b>127 400</b>	<b>148 500</b>	<b>185 400</b>	<b>129 500</b>	<b>48 800</b>	<b>100 900</b>	<b>100 500</b>	<b>125 600</b>	<b>174 200</b>	<b>156 400</b>	<b>29 400</b>

### Politisk vedtak mars 2024

Innsparing (tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	Totalt
Meirforbruk	- 5 000	- 26 000			- 31 000
Budsjetterte innsparingar	- 5 000	- 15 000	- 10 000	- 10 000	- 40 000
Handlingsrom nye tiltak		- 10 000	- 10 000	- 10 000	- 30 000
Netto driftsresultat		- 10 000	- 10 000		- 20 000
<b>Sum innsparing</b>	<b>- 10 000</b>	<b>- 61 000</b>	<b>- 30 000</b>	<b>- 20 000</b>	<b>- 121 000</b>

### Oppdatert behov oktober 2024

Innsparing (tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	Totalt
Meirforbruk	- 10 000	- 52 000			- 62 000
Budsjetterte innsparingar	- 5 000	- 15 000	- 10 000	- 10 000	- 40 000
Handlingsrom nye tiltak		- 10 000	- 10 000	- 10 000	- 30 000
Netto driftsresultat		- 10 000	- 10 000		- 20 000
<b>Sum innsparing</b>	<b>- 15 000</b>	<b>- 87 000</b>	<b>- 30 000</b>	<b>- 20 000</b>	<b>- 152 000</b>

Behov for innsparing er i kommunestyrevedtak frå mars 2024 var sett til 121 mill. kroner.

Behovet for innsparing er aukande som følgje av aukande meirforbruk.

Samtidig viser utvikling i kostnadsnivå frå 2022 til 2023 at Sunnfjord kommune har redusert det teoretiske innsparingspotensiale frå 129,7 mill. kroner til 100,9 mill. kroner.

Tabellen nedanfor viser fordeling av innsparing på dei ulike tenestene etter teoretisk innsparingspotensiale i rekneskap 2022:

Innsparing	Kostragr 9 R 2022	Vekta potesniale	2024	2025	2026	2027	Totalt
Grunnskule	19 200	15 %	- 1 480	- 9 030	- 4 441	- 2 961	- 17 912
Pleie og omsorg	9 100	7 %	- 702	- 4 280	- 2 105	- 1 403	- 8 490
Barnevern	10 300	8 %	- 794	- 4 844	- 2 382	- 1 588	- 9 609
Barnehage	42 700	33 %	- 3 292	-20 082	- 9 877	- 6 584	- 39 836
Kommunehelse	-	0 %	-	-	-	-	-
Sosiale tenester	-	0 %					
Kultur og idrett	1 100	1 %	- 85	- 517	- 254	- 170	- 1 026
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	4 800	4 %	- 370	- 2 258	- 1 110	- 740	- 4 478
Adm, styring og fellesutgifter	3 500	3 %	- 270	- 1 646	- 810	- 540	- 3 265
Brann og ulykkesvern	7 100	5 %	- 547	- 3 339	- 1 642	- 1 095	- 6 624
Kommunale bustadar	-	0 %	-	-	-	-	-
Samferdsel	23 000	18 %	- 1 773	-10 817	- 5 320	- 3 547	- 21 457
Næringsforvalt. og konsesjonskraft	3 700	3 %	- 285	- 1 740	- 856	- 571	- 3 452
Landbruk	600	0 %	- 46	- 282	- 139	- 93	- 560
Kyrkje	4 600	4 %	- 355	- 2 163	- 1 064	- 709	- 4 291
<b>Sum innsparing</b>	<b>129 700</b>	<b>100 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-61 000</b>	<b>-30 000</b>	<b>-20 000</b>	<b>-121 000</b>

Tabellen nedanfor viser fordeling av innsparing på dei ulike tenestene etter teoretisk innsparingspotensial i rekneskap 2023.

Innsparing	Kostragr 9 R 2023	Vekta potesniale	2024	2025	2026	2027	Totalt
Grunnskule	25 300	25 %	- 2 507	-15 295	- 7 522	- 5 015	- 30 340
Pleie og omsorg	1 800	2 %	- 178	- 1 088	- 535	- 357	- 2 159
Barnevern	4 900	5 %	- 486	- 2 962	- 1 457	- 971	- 5 876
Barnehage	28 400	28 %	- 2 815	-17 169	- 8 444	- 5 629	- 34 057
Kommunehelse	2 100	2 %	- 208	- 1 270	- 624	- 416	- 2 518
Sosiale tenester	-	0 %	-	-	-	-	-
Kultur og idrett	4 500	4 %	- 446	- 2 721	- 1 338	- 892	- 5 396
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	2 400	2 %	- 238	- 1 451	- 714	- 476	- 2 878
Adm, styring og fellesutgifter	-	0 %	-	-	-	-	-
Brann og ulykkesvern	3 600	4 %	- 357	- 2 176	- 1 070	- 714	- 4 317
Kommunale bustadar	-	0 %	-	-	-	-	-
Samferdsel	24 000	24 %	- 2 379	-14 509	- 7 136	- 4 757	- 28 781
Næringsforvalt. og konsesjonskraft		0 %	-	-	-	-	-
Landbruk		0 %	-	-	-	-	-
Kyrkje	3 900	4 %	- 387	- 2 358	- 1 160	- 773	- 4 677
<b>Sum innsparing</b>	<b>100 900</b>	<b>100 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-61 000</b>	<b>-30 000</b>	<b>-20 000</b>	<b>-121 000</b>

Tabellen nedanfor viser forslag til fordeling av innsparing.



Sjølvs om behovet for innsparing er aukande på grunn av aukande meirforbruk er mandatet til arbeidsgruppene avgrensa til det politiske vedtekne nivå på innsparing på 121 mill. kroner.

Dette har og argument i at det teoretiske innsparingspotensiale er redusert frå 129,7 mill. kroner i 2022 til 100,7 mill. kroner i 2023.

	Kostragr 9 R 2002	Kostragr 9 R 2023	Gjennom- snitt
<b>Arbeidsgruppe 1</b>			
Grunnskule	- 17 912	- 30 340	- 24 126
Barnehage	- 39 836	- 34 057	- 36 947
Kultur og idrett	- 1 026	- 5 396	- 3 211
<b>SUM</b>	<b>- 58 774</b>	<b>- 69 794</b>	<b>- 64 284</b>
<b>Arbeidsgruppe 2</b>			
Pleie og omsorg	- 8 490	- 2 159	- 5 324
Barnevern	- 9 609	- 5 876	- 7 743
Kommunehelse	-	- 2 518	- 1 259
Sosiale tenester	-	-	-
<b>SUM</b>	<b>- 18 099</b>	<b>- 10 553</b>	<b>- 14 326</b>
<b>Arbeidsgruppe 3</b>			
Plan, kulturminne	- 4 478	- 2 878	- 3 678
Adm, styring og fellesutgifter	- 3 265	-	- 1 633
Brann og ulykkesvem	- 6 624	- 4 317	- 5 470
Kommunale bustadar	-	-	-
Samferdel	- 21 457	- 28 781	- 25 119
Næring og konsesjon	- 3 452	-	- 1 726
Landbruk	- 560	-	- 280
Kyrkje	- 4 291	- 4 677	- 4 484
<b>SUM</b>	<b>- 44 127</b>	<b>- 40 653</b>	<b>- 42 390</b>
<b>TOTALT</b>	<b>- 121 000</b>	<b>- 121 000</b>	<b>- 121 000</b>

## 2.2 Nivå på omstilling

Med bakgrunn i folketalsframskrivingar pr. juni 2022 viser tabellen nedanfor anslag på årleg endring i kommunen sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) fordelt på tenesteområde som følgje av befolkningsendringar frå 01.01.2022:

Anslag årleg endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som følgje av befolkningsendringar frå 01.01.2022							
Endring utgifts- behov pr. 1.1	Pleie- og omsorg	Grunnskule	Barnhage	Sosial	Helse	Barnvev	SUM SUNNFJORD
2023	7 197	- 8 649	5	106	661	- 687	1 366
2024	4 494	- 6 605	5	41	510	- 945	2 583
2025	12 041	- 4 718	- 5 035	213	566	- 832	1 809
2026	15 455	- 4 403	- 8 118	237	638	- 951	2 384
2027	16 800	- 11 322	128	155	733	- 876	5 308
2028	17 567	- 7 234	- 7 798	14	537	- 1 051	2 008
2029	17 770	- 4 718	- 2 752	275	589	- 697	9 917
2030	13 677	- 2 044	- 496	290	591	- 384	11 054
2031	18 035	- 8 335	64	40	545	- 756	9 514
2032	13 114	- 2 988	981	455	596	- 345	10 903
<b>Sum 2023-2032</b>	<b>136 150</b>	<b>- 61 015</b>	<b>- 23 015</b>	<b>1 615</b>	<b>5 966</b>	<b>- 7 523</b>	<b>48 948</b>
<b>Sum 2025-2032</b>	<b>124 459</b>	<b>- 45 762</b>	<b>- 23 026</b>	<b>1 679</b>	<b>4 795</b>	<b>- 5 892</b>	<b>52 897</b>

Med bakgrunn i folketalsframskrivingar pr. juni 2024 viser tabellen nedanfor anslag på årleg endring i kommunen sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) fordelt på tenesteområde som følgje av befolkningsendringar frå 01.01.2024:

Anslag årleg endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som følgje av befolkningsendringar frå 01.01.2024							
Endring utgifts- behov pr. 1.1	Pleie- og omsorg	Grunnskule	Barnhage	Sosial	Helse	Barnvev	SUM SUNNFJORD
2025	14 460	- 4 363	- 6 193	570	1 080	- 902	4 650
2026	14 033	- 6 181	- 11 890	333	942	- 1 112	3 875
2027	19 268	- 14 544	- 1 433	131	926	- 1 159	3 189
2028	21 463	- 15 089	- 3 223	15	712	- 1 385	2 492
2029	20 812	- 8 545	- 1 125	314	689	- 932	10 586
2030	17 178	- 7 454	- 3 502	441	774	- 635	12 924
2031	19 202	- 13 635	3 538	100	597	- 999	8 602
2032	14 014	- 5 090	1 790	505	611	- 565	10 255
2033	15 237	- 4 727	1 790	633	622	- 573	11 717
2034	23 728	- 5 818	1 246	364	563	- 621	18 734
<b>Sum 2025-2034</b>	<b>179 394</b>	<b>- 85 446</b>	<b>- 11 998</b>	<b>1 307</b>	<b>7 517</b>	<b>- 8 883</b>	<b>79 278</b>
<b>Sum 2025-2032</b>	<b>140 430</b>	<b>- 74 901</b>	<b>- 15 034</b>	<b>311</b>	<b>6 331</b>	<b>- 7 689</b>	<b>48 823</b>

Folketalsframskrivingar pr. juni 2022 viser at pleie og omsorg har eit auka utgiftsbehov på 124 mill. kroner i perioden 2025-2032. Tilsvarande er grunnskule sitt utgiftsbehov redusert med 46 mill. kroner og barnehage med 23 mill. kroner.

Folketalsframskrivingar pr. juni 2024 viser eit ytterlegare auka utgiftsbehov i pleie og omsorg med 140 mill. kroner i perioden 2025-2032. Tilsvarande er grunnskule sitt behov redusert med 75 mill. kroner og barnehage med 15 mill. kroner.

Frå folketalsframskrivingar pr. juni 2022 til juni 2025 er det eit auka utgiftsbehov innan omsorg, eit ytterlegare reduksjon i utgiftsbehov på grunnskule og eit lågare reduksjon i utgiftsbehov i barnehage.

## Behov for omstilling vedteke i kommunestyre mars 2024:

Omstilling (Tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	Totalt
Grunnskule	- 6 605	- 4 718	- 4 403	-11 322	- 7 234	- 4 718	- 2 044	- 8 335	- 2 988			- 52 367
Barnehage	5	- 5 035	- 8 118	128	- 7 798	- 2 752	- 496	64	981			- 23 021
Sosial	- 41	- 213	- 237	- 155	- 14	- 275	- 290	- 40	- 455			- 1 720
Barnevern	- 945	- 832	- 951	- 876	- 1 051	- 697	- 384	- 756	- 345			- 6 837
<b>Sum omstilling</b>	<b>- 7 586</b>	<b>- 10 798</b>	<b>- 13 709</b>	<b>- 12 225</b>	<b>- 16 097</b>	<b>- 8 442</b>	<b>- 3 214</b>	<b>- 9 067</b>	<b>- 2 807</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 83 945</b>

## Behov for omstilling etter oppdatert befolkningsframskriving juni 2024:

Omstilling (Tal i 1000 kroner)	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	Totalt
Grunnskule		- 4 363	- 6 181	-14 544	-15 089	- 8 545	- 7 454	- 13 635	- 5 090	- 4 727	- 5 818	- 85 446
Barnehage		- 6 193	- 11 890	- 1 433	- 3 223	- 1 125						- 23 864
Sosial						- 314	- 441	- 100	- 505	- 633	- 364	- 2 357
Barnevern		- 902	- 1 112	- 1 159	- 1 385	- 932	- 635	- 999	- 565	- 573	- 621	- 8 883
<b>Sum omstilling</b>	<b>-</b>	<b>- 11 458</b>	<b>- 19 183</b>	<b>- 17 136</b>	<b>- 19 697</b>	<b>- 10 916</b>	<b>- 8 530</b>	<b>- 14 734</b>	<b>- 6 160</b>	<b>- 5 933</b>	<b>- 6 803</b>	<b>- 120 550</b>

Tabellen nedanfor viser forslag til fordeling av omstilling.

Utgangspunktet er det politiske vedtaket frå mars 2024, men vi må førebu oss på oppdatert framskriving, då dette har direkte konsekvens for årlege overføringar til kommunen.

Det er derfor på same måte som fordeling av innsparing lagt til grunn eit gjennomsnitt av dei to perspektiva totalt 102 mill. kroner.

	Politisk vedtak	Oppdatert framskriving	Gjennomsnitt	Periode tom 2028	Periode 2029-2034
<b>Arbeidsgruppe 1</b>					
Grunnskule	- 52 367	- 85 446	- 68 907	- 37 230	- 31 677
Barnehage	- 23 021	- 23 864	- 23 443	- 21 779	- 1 664
Kultur og idrett	-	-	-		
<b>SUM</b>	<b>- 75 388</b>	<b>- 109 310</b>	<b>- 92 349</b>	<b>- 59 008</b>	<b>- 33 341</b>
<b>Arbeidsgruppe 2</b>					
Pleie og omsorg		-	-		
Barnevern	- 6 837	- 8 883	- 7 860	- 4 607	- 3 254
Kommunehelse					
Sosiale tenester	- 1 720	- 2 357	- 2 039	- 330	- 1 709
<b>SUM</b>	<b>- 8 557</b>	<b>- 11 240</b>	<b>- 9 899</b>	<b>- 4 937</b>	<b>- 4 962</b>
<b>Arbeidsgruppe 3</b>					
Plan, kulturminne			-		
Adm, styring og fellesutgifter			-		
Brann og ulykkesvern			-		
Kommunale bustadar			-		
Samferdel			-		
Næring og konsesjon			-		
Landbruk			-		
Kyrkje			-		
<b>SUM</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>TOTALT</b>	<b>- 83 945</b>	<b>- 120 550</b>	<b>- 102 248</b>	<b>- 63 945</b>	<b>- 38 303</b>

# 3 Årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028

## 3.1 Fordeling av innsparing og omstillingstiltak

I kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028 er nivå på innsparing og omstilling fordelt på kvart av åra. Samla nivå på innsparing og omstilling er i samsvar med vedtak frå mars 2024, men det er ei forskyving i tid på tidspunkt for effekt.

Tabellen nedanfor viser sum innsparing fordelt på kvar sektor for kvart av åra i planperioden. Sum innsparing i 2028 er 121 mill. kroner

Sektor	2025	2026	2027	2028
<b>Innsparingstiltak</b>				
Administrasjon inkl. kyrkja og næring/kor-	2 500	4 000	5 500	7 843
Barnehage	3 000	10 000	25 000	36 947
Skule	3 000	10 000	18 000	24 126
Helse og sosial	2 200	4 400	6 600	9 002
Omsorg	2 000	3 000	4 000	5 324
Kultur og idrett	1 500	2 500	3 000	3 211
Teknisk og miljø	5 000	12 000	20 000	34 547
<b>SUM innsparing</b>	<b>19 200</b>	<b>45 900</b>	<b>82 100</b>	<b>121 000</b>

Tabellen nedanfor viser sum omstilling fordelt på kvar sektor for kvart av åra i planperioden. Sum innsparing i 2028 er 64 mill. kroner. I vedtak frå mars 2024 er det bestemt at samla nivå på omstilling skal vere 84 mill. kroner, men dette gjeld til og med 2032.

Sektor	2025	2026	2027	2028
<b>Omstilling på grunn av endring i demografi</b>				
Barnehage	9 082	12 000	16 000	21 799
Skule og PPT	10 115	20 000	30 000	37 230
Barnevern	1 597	2 500	3 500	4 607
Sosial				330
<b>Brutto omstilling</b>	<b>20 794</b>	<b>34 500</b>	<b>49 500</b>	<b>63 966</b>

I årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan er innsparing- og omstilling fordelt ut på kvar sektor (ikkje fordelt ut på einingane). Det er lagt til grunn at tiltaka i hovudsak har effekt på løn (ca. 70 %) og andre driftskostnadar (30 %).

## 4 Innsparings- og omstillingstiltak

Arbeidet med utgreiing av innsparings- og omstillingstiltak er fordelt på 3 arbeidsgrupper. I tillegg er det starta arbeidet med å vurdere organisering av Sunnfjord kommune.

### 4.1 Arbeidsgruppe 1

Omfattar tenester innanfor grunnskule, barnehage og kultur og idrett

Arbeidsgruppe 1 er leia av kommunalsjef Åge Stafnes

Deltakarar: Åge Stafnes, Hege Herland Kjeilen, Anita Nordheim, Sindre Roska, Sissel Elin Årdal, Johan Bengtsson, Gro Stårheim (HTV)

Referansegruppe: Andreas Fonn Mascik, Lise Fitje Toverud, Gro Bjørvik

#### 4.1.1 Prosess

Arbeidsgruppe har tatt utgangspunkt i Kostra tal for sektorane og analysert dei ulike tenesteområda opp mot samanliknbare kommunar. Med bakgrunn i samanlikninga er det gjort vurderingar for kvart område.

Det er skule og barnehage som har eit størst innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar. I tillegg vil barne og elevtal bli kraftig redusert dei neste 10 åra.

På grunn av utfordringane i barnehage og skule blir dei arbeidd med parallelle prosessar, kvalitet og kapasitet i skule og kvalitet og kapasitet i barnehage. Det er difor naudsynt å sjå desse prosessane i samanheng med arbeidet med tenesteanalysen. Arbeidsgruppa for skule og barnehage har som innleiande arbeidd analysert Kostra og område for innsparing. Prosjektgruppa for Kvalitet og kapasitet har konkretisert tiltaka i tiltaksdelen. For å arbeide hensiktsmessig med ulike prosessar har arbeidsgruppa delt seg. Kultur og idrett har arbeid med sine område og arbeidet med Kvalitet og kapasitet i skule og barnehage dannar grunnlag for tiltaka i desse sektorane.

Tiltakskort med vurdering av tiltaka er tilgjengeleg som vedlegg til rapporten. Tiltaka i prosessen med kvalitet og kapasitet i barnehage og skule vil konkretisere tiltaka i tenesteanalysen.

#### 4.1.2 Taldel

Tiltaka i tabellen gir eit samla innsparingspotensiale på 82 mill. kroner i 2028. I 2024 vil det ikkje vere mogleg å ta ut større gevinstar, sidan året går mot slutten. I 2025 vil eventuelle strukturendringar først få verknad frå hausten med 5/12 effekt. Realistisk

er strukturendringer i 2026. Samla innsparingspotensiale vil utgjere 9 mill. kroner i 2025. For å nå målet i 2025 må ein redusere årsverk i ressursmodellen ut over nedtaket på grunn av elevtal.

Dei første to åra vil summen vere knytt opp mot endringar i ressursmodellar og innsparing. Strukturelle grep vil få full effekt lenger ut i perioden.

Tabellen gir ei samla oppsummering av effekt av tiltak, sett opp mot innsparing- og omstillingskrava. Skule, kultur og idrett har nådd krava som vart sett til arbeidsgruppa. Barnehagen har ikkje funne tiltak som oppfyller krava. Barnehagen må sjå ein samanheng mellom tenesteanalysen og prosessen kvalitet og kapasitet i barnehagen.

Fordelinga mellom dei ulike åra vil bli endra i skule, fordi ressursmodellen og eventuelle strukturtiltak vil fordele seg annleis når tiltak i prosessen kvalitet og kapasitet er avslutta.

Nr	Tiltak	Budsjet					Konsekv ens
		tår	Økonomiplanperiode				
Skule		2024	2025	2026	2027	2028	
1	Ny ressursfordelingsmodell	0	445	9015	19368	27128	
2	Nedlegging av Vevring skule	800	2000	2000	2000	2000	
3	Strukturendringar i skulen	0	0	8504	21606	21180	
4	Reduserte driftsutgifter i SFO	0	500	1800	3000	4000	
5	Reduksjon skuleskyss	0	200	300	400	500	
6	Ressursreduksjon-årsverk		6500	6500	6500	6500	
	Sum tiltak					60308	
	Krav innsparing og omstilling					-61356	
	Status					-1048	
Barnehage							
1	Ressursmodell						
2	Kontinuerleg barnehageopptak						
3	Legge ned Tusenfryd barnehage						
4	Legge ned Hatlehaugen barnehage						
5	Utviding av eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten						
6	Flatene skule til barnehage						
7	Ny barnehage på Slåtten						
8	Effekt av tiltak i kommunale barnehagar på tilskotet til private barnehagar 2 år etter						
	Sum tiltak		12082	22000	41000	58725	
	Krav til innsparing og omstilling		-12082	-22000	-41000	-58725	
	Status					-	

Kultur og idrett							
1	Kulturskulen auka elevbetaling	0	1200	1200	1200	1200	
2	Redusert vask i hallane i helgene	50	100	100	100	100	
3	Reduksjon i utgifter drift idrett og friluftsliv	0	150	150	150	200	
4	Kulturskulen seie opp avtalen om kjøp av lærarressursar	0	650	1350	1350	1350	
5	Strukturendring bibliotek	0	100	140	140	140	
6	Seie opp avtalen om drift av skulebibliotek	0	140	140	140	140	
7	Redusere utgifter til drift kultur og ungdom	0	70	70	70	70	
8	Kultur og ungdom auke godtgjersle for kommunale oppdrag	0	40	40	40	40	
	Sum tiltak					3240	
	Krav til innsparing og omstilling					-3211	
	Status						
	Samla krav til innsparing og omstilling					-123292	
	Status						

### 4.1.3 Oppsummering

#### Tenesteområdet kultur og idrett

Tenesteområdet yt teneste til alle aldrar og endrar tilbod utifrå innbyggerane sine behov. Sunnfjord kommune har utarbeidd og vedteke Plan for kultur, frivilligheit og inkludering (2024 - 2030). Dette styringsdokumentet byggjer på samfunnsdelen i kommuneplanen og set fokus på kultur, idrett, frivilligheit og inkludering med seks særleg prioriterte områder i perioden fram mot 2030. Vi vil sikre eit mangfaldig og sterkt kulturliv som bidreg positivt til samfunnsutviklinga og gode kvardagsliv. Sosial berekraft handlar om deltaking og fellesskap, der kulturaktivitetar, kulturuttrykk og kulturarv påverkar identitet, tilhøyrse, helse og livskvalitet.

I kommunedelplanen til Sunnfjord kommune er ein av strategiane at vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet. Men tenesteområdet kultur og idrett ligg på gjennomsnittet i kostragruppe 9 og nyttar i dag mindre ressursar enn gjennomsnittet på fleire område. Kommunalsjef har jobba saman med einingsleiar for å finne moglege innsparingstiltak i dei stramme rammene. To av einingane, Bibliotek og Idrett og friluftsliv, har svært utfordrande budsjett for å løyse oppgåvene dei har. Den eininga med størst utfordringar med å kunne gjere innsparing er likevel idrett og friluftsliv. Dei løyser eit mangfald av oppgåver og har det minste budsjettet og tal tilsette.

Kultur er identitetsbyggjar lokalt, regionalt og nasjonalt. Kultursektoren står for dei viktigaste sosiale møteplassane i folk si fritid. Ved å investere i kultur og idrett skapar vi ikkje berre gode møteplassar, men også eit betre samfunn der deltaking, demokrati og medverknad står sentralt. Det er god førebygging. Det er avgjerande å satse vidare på kultur og idrett for å sikre ei berekraftig utvikling som fremjar både økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

### **Skule**

Analysen viser at skulen har høg kvalitet og gode resultat. Samlikna med andre kommunar har skule eit innsparingspotensiale, **men vi driv meir kostnadseffektivt enn strukturen skulle tilseie**. Vi skil oss særskilt ut på at vi har fleire ungdomsskular enn kommunar vi samanliknar oss med. I det vidare arbeidet vil strukturtiltak bli konkretisert i samband med arbeidet med kvalitet og kapasitet. Innsparingspotensialet på grunn av nedgangen i elevtal vil bli ytterlegare konkretisert i skulen sin ressursmodell som er under arbeid. Innsparing i SFO og på skuleskysst, har samband med reduksjonen i elevtal. Sidan strukturgrep truleg ikkje får effekt før i 2026 på grunn av samband med ombygging av Hafstad vidaregåande skule, må innsparing takast i årsverk. Det kjem i tillegg til reduksjon på grunn av elevtal. Ein slik reduksjon vil få konsekvens for timetalet og lærartettleiken i skulen.

### **Barnehage**

Som i skule er det eit potensiale som kjem av nedgangen i barnetal. Tiltaka i barnehage er særleg knytt opp mot område som er kostnadsdrivande og som ikkje er lovfesta og regulert. I tillegg kjem utnytting av kapasitet og eventuelt endringar i strukturen. Desse tiltaka vil bli konkretisert i arbeidet med kvalitet og kapasitet i barnehagen.

#### **4.1.4 Konklusjon**

Dei store tala kjem i skule og barnehage og heng saman med barne og elevtalsutvikling. I kultur og idrett er det mindre omfattande tiltak som vil ha store konsekvensar for enkelte grupper, lag og organisasjonar.

I barnehage må innsparing skje i kommunale barnehagar, men det vil og redusere tilskota til dei private barnehagane. I arbeidet med kapasitet og kvalitet i barnehage vil tiltak for å møte utviklinga med redusert barnetal bli ytterlegare konkretisert.

I grunnskulen er det eit potensiale for innsparing direkte knytt opp mot elevtalet, men skal ein oppnå kravet om innsparing og omstilling må ein gjere strukturelle grep. Tenesteanalysen må ein sjå i samband med arbeidet med kvalitet og kapasitet i skule.

Tiltak som gjeld barnehage og skule inngår i eigne planprosessar for kvalitet og kapasitet i barnehage og skule. Tiltak som gjeld kultur og idrett følgjer som vedlegg til rapport.



## 4.2 Arbeidsgruppe 2

Omfattar tenester innanfor pleie og omsorg, barnevern, kommunehelse og sosial.

Arbeidsgruppe 2 er leia av kommunalsjef Kurt Even Andersen

Deltakarar: Kurt Even Andersen, Kirstin Bruland, Endre Fure Bortne, Anita Eide Kvamme, Heidi Flatjord, Ove Mjåtveit, Elin Skaar, Christine Toft Figenschau

Referansegruppe: einingsleiarar helse og sosial, einingsleiarar omsorg, koordinator Elisabet Flo Kyrkjebø

### 4.2.1 Oppsummering av innsparingstiltak

Omsorg, Helse og sosial har først utarbeid innsparingstiltak på bakgrunn av tenesteanalysen. Det har vore 5 arbeidsgrupper som har sett på 6 ulike tiltak for innsparing basert på analysen. Omsorg oppnådde innsparingsmålet gjennom desse tiltaka, medan Helse og sosial hadde ein rest på ca. 10 mill. Kr. For å oppnå restsummen har alle einingsleiarane i Helse og sosial utarbeida 32 ulike tiltak som ein har valt å gå vidare med. Det har vore eit dialogmøte rundt tiltaka med hovudtillitsvalte og hovudverneombud. Viktig å presisere at ein bør lese dei ulike tiltaksrapportane for å få nok kjennskap og heilheitsvurdering på tiltaka, her er berre ei oppsummering av tiltaka.

#### Tiltak 1. Demografi Barn og unge

Det blir færre barn og unge, samtidig ser ein auke i behov for tiltak rundt barn og familiar. Sunnfjord kommune har sett i verk og har planar for mange førebyggjande tiltak. Etter kvart vil kommunen få effekt ut av dei tiltaka ein har sett i verk. Av dei tiltaka ein set i verk i dag, så vil effekten komme på sikt, og kanskje ta fleire år.

Strukturen er allereie laga i kommunen sin BTI-rettleiar og i den førebyggjande planen for barn og unge. I første omgang handlar det om å forskyve utgifter over til førebyggjande arbeid, for deretter å få effekt på nedtak av stillingar. Her vil ein i dei 3 første åra forskyve/omstille pengar i frå barnevern og over til førebyggjande arbeid BUFA. Så innsparing i frå 2027, då forhåpentlegvis mindre behov barnevern, samt nedjustert helsestasjon grunna færre barn.

#### Effekt av tiltaket

år	2024	2025	2026	2027	2028
Førebygging/omstilling	2 000 000	2 500 000	4 000 000	4 500 000	5 500 000
innsparing				500 000	1 000 000

### **Tiltak 2 og 3: Daglegevakt i Sunnfjord kommune og KAD-organisering**

Ei arbeidsgruppe har sett på kva type daglegevakt som vil gi den beste løysinga for Sunnfjord kommune, både økonomisk og kvalitet. For å effektivisere eller kunne ta ut effekt, så må ein sjå det opp mot KAD (kommunal akutt døgnplassar). Derfor har arbeidsgruppa sett på begge tiltak i same rapport.

Denne rapporten skildrar fleire ulike gjennomførbare løysingar for framtidig daglegevakt i Sunnfjord. Alle modellane gir forsvarleg legevaktsdekning for innbyggjarane, men dei skil seg i høve til ressursbehov og opsjon for vidare gevinstuttak - og i opplevd kvalitet og avstand til tenestene for innbyggjarane ulike stadar i kommunen på dagtid på kvardagar.

Ei full eller delvis sentralisering av daglegevakt vil medføre at nokre av dei som bur i randsonene av kommunen vil få lengre avstand til legevakt på dagtid. Dei vil få same avstand til daglegevakt som dei no har til legevakt på ettermiddag, kveld og helg, og ei full eller delvis sentralisering vil medføre at nokre innbyggjarar vil måtte reise forbi eit ope legekontor for å nå ei legevakt lengre unna.

Gruppa har ikkje ei tilråding på val av modell då alle modellane har både føremoner og ulemper, og der desse kan vektast ulikt utifrå kontekst og ståstad. Ein må gjere ei overordna samla vurdering administrativt og politisk av heilskapen og det ligg utanfor gruppa sitt mandat. Gruppa meiner likevel at denne rapporten gjer eit godt faktagrunnlag for overordna leiing si vurdering av alternativa.

Når det gjeld KAD rår gruppa i frå å avslutte samarbeidet med SYSIKL, både av faglege og økonomiske årsaker. Gruppa rår til at ein heller søker å hente ut meir effekt av ressursbruken vår på KAD innanfor ramma av SYSIKL.

Avhengig av val av modell for daglegevakt kan også synergjar med KAD på SYSIKL vere mogeleg å hente ut. Felles for alle anslåtte økonomiske gevinstar i dei ulike modelloppsetta, har ein betydeleg usikkerheit. Det er også slik at nokre av dei økonomiske gevinstane vanskeleg kan realiserast utan å påverke den faglege kvaliteten på tenestene negativt.

Det er fortsatt eit omfattande utgreiingsarbeid som må gjerast, sidan dette involverer SYS ikl samarbeidet.

#### **Effekt av tiltaket: Meir effektiv bruk av KAD plassane**

år	2024	2025	2026	2027	2028
KAD		250 000	250 000	250 000	250 000

#### **Tiltak 4 Helse og omsorg, auka grunnbemanning**

Arbeidsgruppa har vurdert om auka grunnbemanning innan omsorgstenester, vil gi lågare kostnader for kommunen i form av redusert overtidsbruk, vikarbruk og kjøp frå vikarbyrå.

Ei endring i grunnbemanning innan institusjon og heimetenester vil vedkomme tilsette, brukarar og pårørande. Det er også venta at det vil påverke kvaliteten på tenestene. Vi legg til grunn at ei styrking av grunnbemanninga vil ha positive konsekvensar for alle involverte partar.

Den økonomiske effekten av tiltaket er usikker og vil vere avhengig av kor mange årsverk ein styrkar grunnbemanninga med. Ei låg styrking, vil truleg gi ei lågare innsparing enn ei høg styrking. Likevel er det rimeleg å anta at effekten av tiltaket vil vere positiv i forhold til det samla kostnadsnivået.

Innsparinga ved å gjennomføre tiltaket er berekna til om lag 2 mill. kroner (halvårseffekt) i 2025, aukande til 4 mill. kroner (heilårseffekt) i 2026 med dei føresetnadane vi har lagt til grunn. Då er det det lågast innsparingspotensialet som er lagt inn. Dette vil då vere innsparing i form av reduserte meirkostnader.

år	2024	2025	2026	2027	2028
effekt	0	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000

Institusjonane og heimetenestene i Sunnfjord hadde eit (netto) meirforbruk i forhold til budsjett på 21 967 778 kroner i 2023, utelukkande knytt til vikar, overtid og kjøp frå vikarbyrå (inkludert sjuke- og fødselsrefusjonar).

#### **Tiltak 5 Helse og omsorg – Omsorgsbustad i bufellesskap vs. institusjonsplassar**

Arbeidsgruppa har vurdert konsekvensane ved å organisere Skei omsorgssenter på same måte som dei andre omsorgssentera i Sunnfjord. Endringa vil innebere ei omklassifisering av 25 sengeplassar frå «omsorgsbustad i bufellesskap» til «langtidsplassar på institusjon/sjukeheimsplassar».

Tiltaket vil i størst grad vedkomme brukarane som i dag bur i omsorgsbustad ved Skei omsorgssenter. Pårørande og tilsette vil i noko grad bli råka av tiltaket, det same vil legekantoret på Skei, som truleg må løyse ein sjukeheimslege i 40 - 50 % stilling.

	<b>Bufellesskap</b>	<b>Institusjon (låg)</b>	<b>Institusjon (høg)</b>
Løn og driftsutgifter	uendra	uendra	uendra
FDV-kostnader	uendra	uendra	uendra
Sal av varer og tenester	17 120	0	0
Utleige av bustader og lokaler mv.	-1 953 525	0	0
Inntekter på matombringning	-1 111 680	0	0
Sjukaheimslege (40-50 %)		915 000	732 000
Årleg renter og avdrag på investering		63 000	50 000
Vederlagsberekning		-5 302 000	-5 495 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>-3 082 325</b>	<b>-4 324 000</b>	<b>-4 713 000</b>

Tabellen viser kva brukarane betaler i dag i bufellesskap, samanlikna med det dei ville betalt om det var definert som institusjon, og korleis dette påverkar kommunen sine inntekter og utgifter. Institusjon er satt opp med to kolonnar. Ei kolonne (låg) der dei høgaste kostnadane og lågaste inntektene er lagt til grunn, og ei kolonne (høg) der dei lågaste utgiftene og høgaste inntektene ligg til grunn. Dette for å få fram det lågaste og høgaste potensiale for gevinstrealisering.

Skei omsorgssenter er bygd som ein institusjon, og stettar alle krav utan vidare oppgraderingar eller vesentlege investeringar av bygningsmassen. Likevel vil ei omorganisering medføre ein eingongskostnad på inventar og utstyr, spesielt på 25 sengar som må kjøpast inn. Dette kan løysast over investeringsbudsjettet til kommunen, og vil utgjere mellom 750 – 950 000 kroner. Rente og avdragskostnaden for dette er lagt inn i tabelloppsettet over.

Ei omlegging vil ha innverknad på driftsutgiftene i form av auka kostnad til sjukeheimslege. Dette er også lagt inn i tabellen over både som ei 40 % stilling, og som ei 50 % stilling.

Motsett vil ein samkøyrte institusjon kunne organiserast på ein måte som gir synergieffektar i form av kostnadsreduksjon på fagsystem, lisensar, medisinbehandling/kassasjon m.m. Samtidig kan det forenkla turnusarbeid noko og

gi betre vaktordningar. Vi legg til grunn at dei positive og negative gevinstane for øvrige driftspostar går mot kvarandre, og at totaleffekten vil vere låg utover det som er skissert over.

år	2024	2025	2026	2027	2028
effekt	0	800 000	1 600 000	1 600 000	1 600 000

**Det samla gevinstpotensialet for kommunen er mellom 1,2 – 1,6 mill. kroner, ved å legge om frå bufellesskap til institusjon**, litt avhengig av korleis ein organiserer sjukeheimslege og tal langtidsplassar vi legg til grunn i vederlagsberekninga. Vi meiner likevel her kan vere eit potensiale for ytterlegare gevinstar og synergieffektar, ut over det som er lagt til grunn i vår rapport.

### **Tiltak 6 Samarbeid og effektivisering mellom einingane Butiltak Psykisk helse og Psykisk helse og rus**

- Bruk av personalet på tvers av einingane:
  - Korttidsfråvær
  - Langtidsfråvær
  - Ved innlegging og heimreise
  - Vurdere felles bruk av ressurs ved nyttilsetting
- Bilpark:
  - Her kan ein få til ei deling av bilressursar på kveld og helg.
  - Vurdere om ein kan sjå på ei fordeling på tvers av fleire einingar/sektorar
- Reduksjon i ramme:
  - |200 000,- pr. Eining pr. År.
  - Totalt over fire år: 1 600 000
- Nedtak budsjett, grunna bortfall av brukar
  - 1 000 000,- i 2026

#### **Effekt av tiltaket:**

år	2024	2025	2026	2027	2028
Innsparing		400 000	1 800 000	2 200 000	2 600 000

**Resterande innsparing på ca. 10 mill. Kroner**

**Diverse innsparingstiltak i sektoren Helse og sosial, tiltak 7 - 32**

**400 Helse og sosial**

**Tiltak 8 -Vurdere stillingar ved naturleg avgang**

Helse og sosial skal til ei kvar tid vurdere stillingar ved naturleg avgang, i ein gjennomgang ser ein at det kan vere realistisk å redusere med **ca. 840 000 kr** i løpet av innsparingsperioden på 4 år. Måten å få det til på vil vere å gjere oppgåvefordeling på ein anna måte.

### **Tiltak 9 -Interkommunalt samarbeid og kostnadsfordeling (treng politisk avklaring)**

I interkommunale samarbeid er det ofte ei kostnadsfordeling mellom kommunane, der ein del er kostnader fordelt likt og ein del fordelt etter tal innbyggjarar. Vi har sett at interkommunale samarbeid utafor regionen har større andel på lik fordeling mellom kommunane, ofte opp mot 33%. I SYS inkl samarbeidet har vi i dag denne fordelinga:

- Legevakt, 15% likt fordelt og 85% på tal innbyggjarar
- Legevaktsentral, 25% fordelt likt og 75 % tal innbyggjarar
- KAD, 15% fordelt likt og 85% tal innbyggjarar

Ut i frå at Sunnfjord kommune er den einaste større kommunen, fell då mykje av kostnadene til SYS inkl til Sunnfjord kommune. Vi stiller spørsmålet om dette er ei rett fordeling ut i frå at alle kommunen må pårekne ein kostnad for å opprette ei legevaktsteneste uavhengig av tal innbyggjarar, visst ein skulle ha oppretta tenesta åleine. Vi meiner ei meir rett fordeling ville ha vore 33% likt fordelt før ein deler på tal innbyggjarar. Då vil potensialet for Sunnfjord kommune å redusere kostnadene med 3,5 mill. Kr. Vi ser at det kan bli ei litt for stor endring ut i frå dagens fordeling. Helse og sosial vil føreslå å sette i gang ein prosess der SYS inkl. Kommunane vurderer kostnadsfordelinga på nytt, endringa vil gi ei redusert kostnad på **2 mill. Kr** for Sunnfjord kommune. Helse og sosial har forslag på denne fordelinga:

- Legevakt, 25% likt fordelt og 75% på tal innbyggjarar
- Legevaktsentral, 33% fordelt likt og 67 % tal innbyggjarar
- KAD, 25% fordelt likt og 75% tal innbyggjarar

### **420 NAV, tiltak 7 - søknadsmidler**

NAV har forslag på å redusere budsjettet på tilskot til organisasjonar. Det har vore mindre søknader på tilskotet i den seinare tid. Dette er søknadsmidler som vart oppretta i gamle Førde kommune under opptrappingsplanen for psykisk helse. Reduksjonen utgjør **60 000 kr**. Står att ca. 40 000 kr til fordeling.

I

### **430 Legetenesta, tiltak 16, reduksjon skulehelselegestilling**

Redusere skulelegestilling med 13%, samtidig gjere den meir effektiv og bruke den når det er mest behov. Ein vil då få løyst mykje av dei same oppgåven for mindre ressurs. Utgjør ca, **255 000 kr**.

#### **440 Helsestasjonen, tiltak 20 Færre barn, reduksjon stillingar**

Helsestasjonen har forslag på å redusere budsjettet på grunn av færre barn, reduksjon av driftsstillingar grunna vakanse og naturleg avgang, ta ned stillingar i slutten av perioden, utgjør ein reduksjon på ca **1,4 mill.**

#### **450 Barnevern tiltak 21, Færre barn, reduksjon stillingar**

Redusere stillingar og tiltaksmidlar på grunn av færre barn, ein må sjå det opp mot overføringar av midler til førebyggjande arbeid, jamfør tiltak 1. Det er vanskeleg å beregne potensiale for nedtak no, men det er lagt inn totalt **1,4 mill.** i slutten av perioden, dette i tillegg til det som ligg i tiltak 1.

#### **460 Aktivitetseininga, tiltak 22 – 25 – Avslutta kjøp av dagtilbod**

Aktivitetseininga har avslutta eit tilbod til ein enkeltbrukar, dette gir ei innsparing på **250 000 kr** frå 2026. Det er ei naturleg avslutting av tiltaket.

#### **480 Bu –og avlastningstenesta - tiltak 27 – Stenge 2 veker om sommaren (Politisk avklaring)**

Det ligg inne eit tiltak å stenge avlastingstilbod i 2 veker om sommaren. Veke vil kunne gjennomførast utan større konsekvensar, skal ein gå for 2 veker treng tiltaket politisk involvering. Tiltaket utgjør ca. **624 000 kr** for 2 veker stenging.

#### **Tiltak 29 - Færre barn og innstramming på tenestestandard (reduksjon meirforbruk)**

Eininga har dag vedtak på brukarar som er høgare enn det tenesta har budsjettressursar til, eininga rapporterer eit meirforbruk i 2024 på mellom 4 og 5 millionar, dette er i tråd med det som var varsla i budsjettarbeidet til 2024. Tenesta ynskjer å i gjennomgå tenestestandarden for å redusere meirforbruket. Innsparingsforslaget utgjør ca. **1,5 mill.** I perioden. Ein må og sjå dette tiltaket opp mot tiltak 1.

#### **Helse og sosial Reduksjon i diverse driftsutgifter – tiltak11, 12, 13, 14, 15, 17,18,19,23,24,25,26,30,31,32**

Alle einingane i Helse og sosial har vurdert sitt budsjett på driftsutgiftspostane. Totalt har sektoren forslag på å ta ned **ca 810 000 kr.** Einingane har i utgangspunktet ulike budsjett og behov på mange av desse postane, og alle har vurdert kva som kan vere mogleg å ta ned på si eining. Det er hovudsakeleg på velferdstiltak, køyreutgifter, lisenskostnader, forbruksmateriel og inventar einingane har justert ned budsjettet.

Tiltak frå tenesteanalyse	EFFEKT				Risiko
	2025	2026	2027	2028	
1. Barnevern til helsestasjon - forskyve utgifter over til forebygging (BUFA)	- 2 500 000	- 4 000 000	- 4 500 000	- 5 500 000	
1. Barnevern til helsestasjon - forskyve utgifter over til forebygging (BUFA)	2 500 000	4 000 000	4 500 000	5 500 000	
1. Barnevern, omstillingsarbeid, effekt innsparing på ramma			- 500 000	- 1 000 000	
2.og 3. Daglegevakt i Sunnfjord kommune og KAD-organisering	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000	
4. Auka grunnbemanning (institusjon og heimetenesene)	- 2 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	
5. Omsorgsbustader i bufellesskap vs. Institusjon	- 1 300 000	- 1 600 000	- 1 600 000	- 1 600 000	
6. Samarbeid og effektivisering mellom einingane butiltak psykisk helse og psykisk helse og rus	- 400 000	- 1 800 000	- 2 200 000	- 2 600 000	
<b>Sum frå tenesteanalyse</b>	<b>- 3 950 000</b>	<b>- 7 650 000</b>	<b>- 8 550 000</b>	<b>- 9 450 000</b>	
<b>Tiltak frå budsjett- og økonmipplanprosess 2025-2028</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>Risiko</b>
<b>Kommunalsjef/ sektor</b>					
1. Nedtak til tenester barn og unge, Helse og sosial	-500 000	-800 000	-800 000	-1 300 000	
7. Redusere søknadsmidlar til organisasjonar (oppretta i samband med opptrapping psykisk helse)	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	
8. Helse og sosial stilling, reduksjon, naturleg avgang,		0	0	-840 000	
9. interkommunalt samarbeid kostnadsfordeling mellom kommunar sys ikl som har lågare sats på lik kostnadsfordeling enn andre liknande kommunesamarbeid		-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	
<b>Fysio- ergoterapitenesta</b>					
11.Redusere velferdstiltak for tilsette	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	
12. Ta ned ramma, grunna rekruttering med mindre erfaring, behov å brukt det til: 10 % serviceteknikar.	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000	
13. Redusere budsjett for innkjøpt av inventar og utstyr	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	
<b>NAV</b>					
Redusere driftstilskot til foreiningar, sjå over iltak 7	0	0	0	0	
14. Redusert kostnad til lisens for fagsystem pga vertskommunesamarbeid		-20 000	-20 000	-20 000	
15. Samlepost reduksjon diverse innkjøp, kurs avgift osv.	-20 000	-20 000	-20 000	20 000	
Tilsette jobbspesialistar for å redusere utgifter til sosialhjelp flyktningar.					Ikkje vurdert
<b>Legetenesta</b>					
16. lege helsestasjon	-255 000	-255 000	-255 000	-255 000	
<b>Helsestasjonen</b>					
17. Redusere velferdstiltak for tilsette	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	
18. Redusere køyreutgifter		-50 000	-50 000	-50 000	
19. Reduksjon i årleg lisensbeløp knytt til innkjøp av nytt fagsystem			-200 000	-200 000	
20. Færre barn Reduksjon i driftstillingar grunna vakanse, naturleg avgang	0	0	-800 000	-1 400 000	
<b>Barnevern</b>					
21. Færre barn - stilling, knytt opp mot administrasjon og direkte sakshandsaming	0	0	-800 000	-1 400 000	
<b>Aktivitetseininga</b>					
22. Yngre; Avslutte tilbod på Hestegarden til enkeltbrukar	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	
23. Yngre; også i grendene; konsekvent og alltid leige inn vikar på dei kortaste vaktene. Flytte fast personal til dei lengste vaktene (2 timar i veka mindre vikar = 26000,-)	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000	
24. Meir kontroll på betaling på Rådhuskantina, både møtemat, kaffi og vipps	-50 000	-50 000	-100 000	-100 000	
25. Eldre; Ha vikarar berre når brukarane er tilstades. Fast personell må då stå for all tillaging og all oppattrydding i samband med dagleg drift	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	
<b>Psykisk helse og rus</b>					
26. Diverse forbruksmateriell, velferdstiltak	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000	
<b>Bu- og avlastning</b>					
27. Stenge sommarferie - først 1 deretter 2 veker	-312 000	-624 000	-624 000	-624 000	
29. Generelt nedtak sfa innstramming tenestestandard	-750 000	-850 000	-1 500 000	-1 500 000	
<b>Butiltak psykisk helse</b>					
30. Siste bil overgang frå diesel til el, sparte drivstoffutgifter minus lading	0	-18 000	-18 000	-18 000	
31. Reduserte tilf.utgifter	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	
32. Redusert kostnad innventar/utstyr	-13 000	-13 000	-13 000	-13 000	
<b>Sum innsparingstiltak Helse og sosial</b>	<b>-2 500 000</b>	<b>-5 300 000</b>	<b>-7 800 000</b>	<b>-10 300 000</b>	
<b>Rest innsparing</b>	<b>0</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	
<b>Total innsparing Helse og sosial</b>	<b>-6 450 000</b>	<b>-12 950 000</b>	<b>-16 350 000</b>	<b>-19 750 000</b>	



## 4.3 Arbeidsgruppe 3

Omfattar tenester innanfor plan, kulturminne, natur og nærmiljø, administrativ styring og fellesutgifter, brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og konsesjon, landbruk og kyrkje

Arbeidsgruppe 3 er leia av kommunalsjef Jan-Inge Hage

Deltakarar; Jan-Inge Hage, Ole Johnny Kapstad (HTV), Bernhard Øberg, Leif Halvor Kårstad, Solveig M. Haugsvær, Liv Janne Bell Jonstad.

Referansegruppe: Gro Bjørvik

Område-aktivitet/funksjonar	2025	2026	2027	2028	Farge
<b>Innsparing tiltak som får effekt for tenester som ligg innanfor administrasjon, styring og fellesutgifter</b>					
Adm-03 Reduksjon 50% doksenter, service	519	519	519	519	Grøn
Adm-06 Reduksjon valkrinsar, 2 stk, service	50		50		Gul
Adm-07 Reduksjon 100% stilling, Personal	770	770	770	770	Gul
Adm-08 Tilsettefest kvart 2. år		400		400	Gul
Adm-09 Biladm. og bildeling		50	50	50	Grøn
Adm-10 Red. tilbod/auka prisar på kantina	50	100	150	200	Gul
<b>Samla innsparing kvart år</b>	<b>1389</b>	<b>1839</b>	<b>1539</b>	<b>1939</b>	
<b>Innsparing tiltak som får effekt for tenester som ligg utanfor administrasjon, styring og fellesutgifter</b>					
Adm-01 Red. lønnskost. Ved nyrekr, Fagutvikling	150	150	150	150	Grøn
Adm-02 Mellombels vakant, 20%, Fagutvikling	200	200	100	60	Grøn
Adm-04 Reduksjon 50% stilling, Service	300	350	350	350	Grøn
Adm-05 Reduksjon frikjøp folkevald, Fagutvikling	410	200	0	0	Grøn
<b>Innsparing kvart år</b>	<b>1060</b>	<b>900</b>	<b>600</b>	<b>560</b>	
<b>Samla innsparing</b>					
<b>Kyrkja</b>					
Reduksjon av tilskot/innsparing kvart år	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>1000</b>	<b>2000</b>	
<b>Samla innsparing</b>					

Område-aktivitet/funksjonar		2025	2026	2027	2028	Farge
<b>Innsparingstiltak brann og redning</b>						
Vaktordning utrykningsleiar Jølster	0	600	600	600	600	Grøn
Vakt sjåfør og utr.leiar i høgtider og ferie, Sande	0	200	200	200	200	Grøn
Godtgjersle for bæring av nødnettradio	0	485	937	1445	1445	Grøn
Godtgjersle for beredskap utan vakt	0	150	150	300	300	Grøn
Unøydige utrykkingar-automatiske brannalarmer	0	200	200	200	200	Grøn
Struktur Naustdal brannstasjon	0	0	0	1000	1000	Gul
Struktur Vassenden brannstasjon	0	0	0	2000	2000	Gul
Redusere frå 16 til 12 brannkonstablar på 3 stasjonar	0	0	200	200	200	Gul
Ta bort 4 reservekonstablar i Førde	0	0	300	300	300	Grøn
Struktur Førde brannstasjon	0	0	0	0	0	Rød
Struktur Viksdalen branndepot	0	0	0	0	0	Rød
Ta vekk Overordna vakt	0	0	0	0	0	Rød
Vaktordning brannlift i Førde	0	0	0	0	0	Rød
Avskaffe brannlift	0	0	0	0	0	Rød
Redusere frå 16 til 8 brannkonstablar på 4 stasjonar	0	0	0	0	0	Rød
Kutte 2 årsverk-branningeniørar	0	0	0	0	0	Rød
Kutte 4 årsverk dagkasernest i Førde	0	0	0	0	0	Rød
Kutte 1 av 2 årsverk avdelingsleiarar	0	0	0	0	0	Rød
<b>Innsparing kvart år.</b>	<b>0</b>	<b>1635</b>	<b>2587</b>	<b>6245</b>	<b>6245</b>	
<b>Innsparing</b>						
<b>Innsparingstiltak Landbruk, Reinhald og BEF</b>						
Landbruk, dig/automatisering, søknadsprosessar			250	500	500	Gul
Reinhald, avgrensning reinhaldstenester til min. standard		500	1000	2000	2000	Gul
Reinhald, la brukarane overta kost.bud. Toa/tørkepapir			50	100	100	Gul
BEF, energikostnad over på brukareining		1000	2000	2000	2000	Gul
BEF/Reinhald. Red. arealbruk og byggdriftskostnader		0	0	0	0	Grøn
BEF, base for verktøy og utstyr						
BEF, selje nedlagde skulebygg		300	600	1050	1050	Grøn
BEF, kjøpe bruktbil i staden for leasing		50	200	400	800	Grøn
BEF-auke husleiga på kommunale bustader med 5%		2000	2000	2000	4000	Grøn
<b>Samla innsparing kvart år</b>		<b>3850</b>	<b>6100</b>	<b>8050</b>	<b>10450</b>	

Område-aktivitet/funksjonar	2025	2026	2027	2028	Farge
<b>Innsparingstiltak næring og samfunn</b>					
Reduksjon tilskot Fjordkysten		300	300	300	Grøn
Ta bort stilling som einingsleiar			600	1200	Rød
Frysing av tilskot til Sunnfjord Utvikling			300	300	Rød
<b>Samla innsparing kvart år</b>		<b>300</b>	<b>1200</b>	<b>1800</b>	
<b>Innsparingstiltak areal og byggesak</b>					
Redusert stilling på plan	0	300	900	900	Gul
Redusert stilling byggesak	0	0	0	0	Rød
Redusert stilling oppmåling	900	900	900	900	Rød
Redusere på planmidlar	0	0	0	0	Rød
Auke i gebyr (auke i innkome)	70	80	90	100	Grøn
<b>Innsparing</b>	<b>970</b>	<b>1280</b>	<b>1890</b>	<b>1900</b>	
<b>Innsparingstiltak teknisk drift/Samferdsle</b>					
Ta bort blomar i sentrum, og julebyen	0	0	300	300	Grøn
Overføring av veglys VLFK	0	400	500	500	Grøn
Enkeltlyspunkt-Veglys	70	70	180	200	Grøn
Slå av veglys/reduert drift	0	0	0	0	Rød
Gebyrinntekter-graveløyve	0	270	270	300	Grøn
Gebyrinntekter-Leige kommunal grunn	0	0	100	100	Grøn
Parkeringsavgift, ikkje omsyn til inntekt	0	0	500	550	Grøn
Omklassifisering av kommunale vegar	0	0	6000	11000	Grøn
Vintervedlikehald	0	0	300	300	Rød
Parkar og grøntareal	0	350	350	350	Grøn
Utbyggingsavtaler	0	3600	3600	3600	Grøn
Korrigerering av kostrateneste på drifta		0	0	0	Grøn
Drift og vedlikehald kommunale vegar	0	0	850	850	Gul
Kurs og opplæring	0	0	0	0	Rød
Innføring av vegavgift i Sunnfjord kommune	0	0	0	0	Rød
<b>Samla innsparing kvart år</b>	<b>4690</b>	<b>12950</b>	<b>18050</b>	<b>23050</b>	
<b>Mogleg samla innsparing</b>	<b>14594</b>	<b>26956</b>	<b>38574</b>	<b>47944</b>	
<b>Måltal</b>	<b>7500</b>	<b>16000</b>	<b>25500</b>	<b>42390</b>	
<b>Avvik</b>	<b>7094</b>	<b>10956</b>	<b>13074</b>	<b>5554</b>	

## 4.4 Vurdere organisering av Sunnfjord kommune

Kommunestyret har vedtatt eit innsparings- og omstillingsprogram på nærare 204 millionar kroner. Som følgje av dei demografiske endringane må vi omdisponere dei økonomiske ressursane mellom sektorane. I hovudsak handlar det om å redusere innanfor oppvekst for å styrke omsorgstenestene.

I tillegg må vi sjå på organiseringa av kommunen med det for auge at vi skal effektivisere drifta.

### Mandat

1. Legg opp til ein prosess med å sjå på kommunen si organisering med mål om å redusere dei samla driftskostnadane.
2. Arbeidet skal skje i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar og følgje avtaleverket sine reglar for slike tiltak.
3. Føremålet er å ta ned det kommunale driftsnivået slik at det blir balanse mellom inntekter og utgifter.
4. Arbeidet skal starte så snart som råd og det vert å fremme ei eiga sak til KOST som forankring for dette arbeidet
5. Arbeidet skal omfatte heile kommunen.
6. Det vil vere eit eige mål kor dei negative økonomiske og personellmessige konsekvensane blir minst mogleg.
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å engasjere ekstern bistand til arbeidet.

## 5 Vidare prosess

Arbeidet med innsparing og omstilling vil vere ei prioritert sak både i administrasjonen og politisk i åra framover.

### 5.1 Prosess i 2024

Formannskapet 7. november; informasjon om prosess og informasjon om sak som vert sendt ut

Møte med HTV/HVO 8. november; informasjon om prosess og presentasjon frå dei tre arbeidsgruppene

Utvala 13. november; skriftleg informasjonssak om dei ulike tiltaka

Formannskap 15. november; skriftleg informasjon om dei ulike tiltaka

Kommunestyre 21. november; skriftleg informasjon om dei ulike tiltaka

Utvala 4. desember; framlegg til vedtak om innsparing for dei tiltak som ikkje krev vidare utgreiing

Formannskap 5. desember; framlegg til vedtak om innsparing til dei tiltak som ikkje krev vidare utgreiing

Kommunestyre 13. desember; framlegg til vedtak om innsparing til dei tiltak som ikkje krev vidare utgreiing

Resterande tiltak må leggst fram for utval, formannskap og kommunestyre når dei er ferdig utgreidd

### 5.2 Prosess i 2025

Innsparings- og omstillingstiltak som inngår i eigne planprosessar t.d. kvalitet og kapasitet i barnehage og skule vil følgje desse planprosessane.

Eigne utgreiingar av tiltak blir lagt fram for politikken når desse er klar.

Rapportering på status og oppfølging dersom effekt av tiltak avvik frå føresetnadane må følgjast opp vidare.

Det må vurderast om kunnskapsgrunnlaget skal oppdaterast når data frå 2024 er klar i mai/ juni 2025.

Langsiktig driftsanalyse og investeringsplan for 2026-2035 vil vere overordna men likevel legge nokre sentrale økonomiske rammer.

Årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan for 2026-2029 vil konkretisere både i tid og til kva sektor rammer for innsparing og omstilling

## 6 Vedlegg

### 6.1 Innsparingspotensiale som følgje av kommunesamanslåinga

### 6.2 Tiltakskort med vurdering av innsparings- og omstillingstiltak